


## FAKTA-ARK

### - for dei vanlegaste SMIL-ordningane

#### RYDDING AV GAMMAL KULTURMARK & BRATT JORDBRUKSAREAL



#### **Føremål**

Restaurere og ta vare på gammal kulturmark med tilhøyrande miljøverdiar og kulturminner som er forma gjennom lang tids bruk til slått og beite.

#### **Viktig:**

Gjengroinga skal ikkje vere kommen så langt at arealet har preg av skogsmark. Det skal finnast plantar som er karakteristiske for kulturmark og eventuelt kulturminner som fortel om tidligare bruk. Gamle flyfoto kan vere til god hjelp.

#### **Aktuelle tiltak:**

Åpning av gjengrodd mark ved rydding av uønska vegetasjon og fjerning av hogstavfall. Enkeltrær eller grupper av trær kan setjast igjen for å gje skygge og ly til beitedyr. Det kan gjevast tilskot til gjerding– men berre dersom området også skal ryddast.

#### **Skjøtselskrav:**

Arealet må haustast gjennom beiting eller slått og fjerning av avling.

*Tekst og ide henta fra Stjørdal kommune*

## FJERNING AV PIGGTRÅD



Hægebostad kommune ønsker å bidra til opprydding og fjerning av piggtrådgjerde ved å innføre tilskot gjennom SMIL-ordninga. Dette er gjort mellom anna i Farsund og Rogaland med gode resultat.

### Lovverk og ansvar

Etter § 15 i dyrevelferdslova blei det frå 01.01.2010 eit generelt forbod mot å nytte piggtrådgjerde for å regulere dyreferdsl (husdyr, vilt og kjæledyr). Piggtrådgjerde sett opp før 01.01.2010 fekk stå. Gjerder frå før lovforbodet skal haldast ved like. Dette må da skje med anna materiale enn piggtråd. Ansvaret for å sørge for at gjerdet er i orden ligg til den som eig grunn eller har rett på å nytte grunn. Krav til standard på gjerdet er regulert i Lov om dyrevelferd. Det er Mattilsynet som er delegert mynde til å fylgje opp brot på denne paragrafen.

### Det kan bli løyvd tilskott til:

- Fjerne og erstatte ståande piggtråd med liggjande bord eller topptråd.
- Fjerning av laus piggtråd.
- Fjerning av piggtrådgjerde til nedfalls.

### Tilskot:

- Kr 25 pr. meter fjerna gjerde – dvs vert ikkje tatt hensyn til kor mange tråder piggtråd gjerdet har. Maks tilskudd: 7500 kr per søker

### Vilkår:

- Det må søkast i forkant av tiltaket - før tråden vert fjerna
- Det må leggest ved kart og billedokumentasjon som syner der det skal ryddast
- Piggtråd og trådgjerde skal leverast på miljøstasjonen. Kvittering på levering må leggest ved for utbetaling av tilskot. Det må også leggest ved bildete som syner at ryddinga er gjennomført – tatt fra samme ståstad som bileta i søknaden.
- Søklar må anten ha landbruksproduksjon som oppfyller vilkåra for tilskot gjennom produksjonstilskotordninga – eller leige vekk areal til føretak som tilfredstiller dette kravet.

## BIOLOGISK MANGFALD



*Bilde frå Bryggesåhommen – gammel slåttemark med biologisk mangfald – foto; Odd Arve Kvinnesland*

### **Føremål:**

Ta vare på og utvikle variasjonen og mangfoldet av planter og dyr i kulturlandskapet ved hjelp av skjøtselstiltak og tilrettelegging.

### **Viktige punkt:**

Ta vare på det kulturbetinga mangfoldet av planter og dyr i kulturlandskapet som er utvikla gjennom lang tids slått og beiting.

Ta hensyn til ville planter og dyr i kulturlandskapet og bidra til å opprettholde livskraftige bestander. Gjennomføre tiltak som bidrar til gjenoppretting og utvikling av biologisk mangfold. Tiltaket medfører ofte at det må utarbeides en skjøtselplan av fagfolk. Fylkesmannens miljøvernadeling kan være behjelpelig med dette.

Det kan settes vilkår om redusert gjødsling og sprøyting for å fremme gammel kulturmark.

### **Aktuelle tiltak:**

- Hindre gjengroing gjennom rydding og slått eller beiting.
- Unngå bruk av mineralgjødsel og kjemisk ugrasbekjempelse.
- Etablere kantsoner der slike mangler
- Skjøtsel av tette og ekspanderende kantsoner
- Tilrettelegging for pollinatorer i jordbruket
- Fjerning av fremmede skadelige arter

### **Andre aktuelle tilskuddsordninger;**

Statsforvalterens miljøvernadeling deler ut tilskudd til skjøtsel

*Tekst og ide henta fra Stjørdal kommune*

## STEINSETJING/ KANTSETJING/PLASTRING



### **Føremål:**

Hindre at jordkanten i bekkeløp sklir ut.

### **Aktuelle tiltak:**

Vedlikehold av eksisterande kantsetjing- og ny kantsetjing/plastring.

### **Viktige punkt:**

Det må søkast i forkant av tiltaket.

Enkelte tiltak må vurderast av Fylkesmannen si miljøvernavdeling og/eller Vest-Agder Fylkeskommune før tillatelse kan gjes.

### **Godkjente kostnader:**

Det føreligg per i dag (2020) ikkje einhets-prisar for dette tiltaket. I tidlegare behandla saker (2015) har det blitt godkjennt kostnader på omlag 550k per m<sup>2</sup>. Det er ikkje teke omsyn til om ein har eigen stein eller må kjøpe inn.

## RESTAURERING AV GAMLE BYGG

Hvilke tiltak er aktuelle;



*Eksempler på restaurering; høyløe i Landdalen og seteranlegg på Bulega*

- Bygninger som kan knyttes til jordbrukets kulturlandskap; eks høyløer, seteranlegg, jordkjellere, stabbur
- Bare til bygg som ikke er automatisk fredet
- Kun restaurering gjort i tråd med fylkeskonservator sine krav
- Fylkeskonservator setter opp kostnader/godkjenner kostnader

Andre aktuelle tilskuddsordninger;

- Kulturminnefondet – se [www.kulturminnefondet.no](http://www.kulturminnefondet.no)